

Saksbehandlar: Svein Álhus
Sak nr.: 20/10019-6

Klage på avslag om byggeløyve gjeve i BD-sak 594/20 av 09.12.2020

Kommunalsjefen rår plan- og forvaltningsutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Klage på vedtak i sak 594/20 vert ikkje teken til følgje, då det ikkje ligg føre nye opplysningar som gjer at det er grunnlag for endring av vedtaket.

Vedtaket vert grunngjeve med –

I vår saksutgreiing i BD-sak 594/20 er det gjort greie for at høgd og utforming samla sett gjer at tiltaket ikkje stettar krava i § 29-2 og derfor avslår søknaden med tilvising til både § 29-2 og 29-4.

Motteken klage omfattar ingen nye opplysningar som ikkje var kjent ved vedtak i BD-sak 594/20, ut over at det no blir føreslege å nytte bordforskaling i staden for glatt systemforskaling. Endringa er marginal og påverkar ikkje vår tidlegare vurdering av tiltaket.

Det vert ut over dette vist til vurdering i denne saka og sak BD 594/20

2. Klagen vert sendt Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Vedlegg:

- Klage på vedtak i sak 594/20, dagsett 28.12.2020
- Avslag på søknad om byggeløyve for endring av mur på g/bnr. 17/166, BD-sak 594/20, dagsett 09.12.2020.

Andre relevante dokument i saka motteke ved søknad om byggeløyve:

- Søknad om byggeløyve
- Situasjonsplan
- Planteikning
- Snitt
- Illustrasjon

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Søknad om utskifting og heving av ein ca. 45 m lang natursteinsmur langs veg/eigedomsgrensa for [g/bnr. 17/166](#), Leitevegen 31A, Sogndal, vart avslått i administrativt vedtak i sak 594/20 av 09.12.2020. Kommunen fekk klage på vedtaket 28.12.2020 som er innanfor klagefristen.

2. Vurderingar og konsekvensar

Søknad om byggeløyve for riving og oppføring av ny støttemur, med heving av mur for å få ei tomt som i utgangspunktet er skråna tilnærma flat, er vurdert etter plan- og bygningslova § 29-2 som seier følgjande: *Ethvert tiltak etter kapittel 20 skal prosjekteres og utføres slik at det etter kommunens skjønn innehar gode visuelle kvaliteter både i seg selv og i forhold til dets funksjon og dets bygde og naturlige omgivelser og plassering.*

Vidare medfører søknaden plassering i tomtengrense, dvs. ei plassering som avviker frå det generelle avstandskravet for byggverk mot nabogrense på 4 meter, jf. pbl § 29-4 andre ledd. Kommunen kan godkjenna byggverk nærare enn det som er nemnd i andre ledd, der eigar av naboeigedomen har gjeve sitt samtykkje, jf. pbl § 29-4 tredje ledd bokstav a. Sogndal kommune som vegeigar har gjeve slikt samtykkje.

Kommunen kan gje løyve, men tiltakshavar har i følgje pbl 29-4 tredje ledd ingen rett på løyve der kommunen finn grunnlag for ikkje å gje slikt løyve. I vår saksutgreiing i BD-sak 594/20 er det gjort greie for at høgd og utforming samla sett gjer at tiltaket ikkje stettar krava i § 29-2 og derfor avslår søknaden med tilvising til både § 29-2 og 29-4.

Motteken klage omfattar ingen nye opplysningar som ikkje var kjent ved vedtak i BD-sak 594/20, ut over at det no blir føreslege å nytte bordforskaling i staden for glatt systemforskaling. Endringa er marginal og påverkar ikkje vår tidlegare vurdering av tiltaket.

4. Konklusjon

Motteken klage omfattar ikkje nye opplysningar som gjer at det er grunnlag for å endre vedtaket i sak 594/20.

Sogndal 6. januar 2021

Arne Abrahamsen
kommunalsjef plan og samfunn